

**Jobbnorge-ID:** 274833  
**Søknadsfrist:** 10.03.2025  
**Nettside:** <http://www.muho.no/>  
**Omfang:** Heiltid  
**Varighet:** Sesong

Vil du ha en spennende jobb i museum?

## Omviser og kafémedarbeider i sesong- og ringevikarstillinger

### Om stillingane

Velkommen til ein hyggjeleg museumsjobb i historiske og pittoreske omgivnader!

Vi har no ledige sesong- og tilkallingsvikar-stillingar i fire avdelingar, på fire lokasjonar.

Som omvisar og vert er du imøtekommande, sjølvstendig og fleksibel. Vi kan love deg ein spennande sommarjobb i eit unikt museum, der du blir ein del av ei fin gruppe formidlarar og guidar. Vi treng deg som likar å vere saman med andre menneske og som likar å formidle fagkunnskap på ein forståeleg måte.

Du må beherske norsk og engelsk munnleg, og du må ta del i kafédrift/andre oppgåver ved sidan av å guide publikum. Omvisar og vert må kunne jobbe i musea sine opningstider. Du vil jobbe saman med andre formidlarar, guidar eller kafévertar.

Vi ønskjer særleg sommarvikarar som er interessert i vidare stilling som ekstrahjelp/ringevikar utover hausten.

Opplæring vil bli gitt.

Dei som vert tilsette må delta på opplæring/førstehjelpskurs 3. juni 2025 i Salhus.

### Osterøy museum

**Osterøy museum** søker 1-2 museumsvertar og ringevikarar.

Museumsverten skal ta hand om omvising, resepsjon, enkel servering, evt. reinhald og aktivitetar for barn.

Arbeidsperioden vil vere frå 23. juni til 13. august 2025, fast tre dagar i veka og ved bestillingar. Arbeid utover denne perioden kan bli aktuelt.

### Lynghesenteret

**Lynghesenteret** søker 2-3 ringevikarar i sesongen, til Infobygget, som skal ta hand om omvising, hjelpe til i kaféen og resepsjonen, og med litt reinhald.

Arbeidsperioden er hovudsakleg sommarsesongen 2025, april - september, men vi er òg interesserte i nokon som er tilgjengelege heile året.

### Vestnorsk utvandringssenter

**Vestnorsk utvandringssenter** søker 2 museumsvertar for sommarsesongen 2025.

Oppgåvene vil vere vertskap, omvising og sal av billetter og arbeid i butikk. Det inngår også enkle kaféoppgåver. Det vil vere vertens oppgåve å oppretthalde dagleg og enkel reinhald.

Arbeidsperioden vil vere:

- 18. mai til 22. juni: søndag, kl.10:30-15:30
- 23. juni til 31. august: tirsdag, onsdag, torsdag og søndag, kl.10:30-15:30

### Tekstilindustrimuseet

**Tekstilindustrimuseet** søker 2 museumsvertar for å formidla Bergens einaste freda teknisk-industrielle kulturminne. Vi søker deg som vil arbeida i perioden sesongen 2025 og i helgar, og som ringevikar utover hausten.

Behov: omvisar som kan følgja cruisegruppene frå TIM til OM.

Oppstart ca. 1. juni.

## Kvalifikasjonar

MUHO har svært ulike avdelingar og vi treng ulike kompetanse for å løyse oppgåvene våre.

Vi ønskjer oss medarbeidarar som er positive, løysingsorienterte og held kundeservice høgt, og som har interesse for å jobbe i museum.

Vi ser særskild etter personar som er fleksible og kan tenkje seg å jobbe i fleire av våre avdelingar etter behov. Dersom du ønskjer / kan arbeida i fleire avdelingar, vil sertifikat og disponering av bil vere ein fordel. Søkarar må vera 18 år.

Du vil få god opplæring!

## Vi tilbyr

- Vi tilbyr spennande jobbar på unike museum, godt arbeidsmiljø og varierte oppgåver.
- God opplæring og førstehjelpskurs.
- Lønn etter tariff.

Våre verdiar er likeverd, openheit, kompetanse og engasjement, og vi søkjar deg som kan identifisere deg med desse verdiane.

## Om våre avdelingar

**Tekstilindustrimuseet** forvaltar det spennande nasjonale industriminnet Salhus Tricotagefabrik, og museet har særleg ansvar for historia til den norske tekstilindustrien. Fabrikkanlegget vart freda i 2020. Museumsgjestane er lokale og internasjonale, og kjem for å sjå på den unike maskinparken og høyre om tekstilindustrien. Saman med galleriet, museumsbutikken og kaféen gjev museet kunnskapsformidling og gode opplevingar.

**Osterøy Museum** er eit av dei eldste folkemusea, med store kulturhistoriske samlingar som fortel om livet på strilelandet. I dag har museet særleg fokus på handverk og småindustri og kunnskapsarven knytt til bruk av ull og oppstadvev, bygningshandverk og treskoproduksjon. Osterøy museum feira 100 års jubileum i 2020.

**Vestnorsk utvandringssenter** på Sletta er ein liten landsby beståande av "Prærielandsbyen" og Emigrantkyrkja, der bygningane er henta frå USA frå utvandartida. Museet har fokus på migrasjon både i fortid og notid, med den norske utvandringa frå Noreg til Amerika på 1800- og 1900-talet som bakteppe. Her er det omvisingar og ulike arrangement gjennom året, og ope kafé.

**Havrå** er eit klyngetun med 8 bruk på Osterøy, der det drives gard med utgangspunkt i tradisjonelle teknikkar frå 1800-talet. MUHO eig og driv to av bruka, driftar landskap knytt til to andre bruk, samt tek ansvar for fellesoppgåver ved klyngetunet. MUHO forvaltar ved dette eit landskap med viktige kulturbiologiske verdiar. Garden er freda som kulturminne, og er på lista over utvalde kulturlandskap.

**Lyngheisenteret** på Lygra er oppretta for å ta vare på kulturlandskapet på kysten og kunnskapen og tradisjonane knytt til dette landskapet. I samarbeid med lokale grunneigarar vert 1500 mål lynghei halde i hevd på autentisk vis. Her har ein museumsbygg, restaurant/kafé, utstilling, villsau og eit gammalt gardsbruk med moglegheit for overnatting. Det er fleire arrangement gjennom året.

**Bevaringstenestene** er ei felles bevarings- og konserveringsteneste for dei konsoliderte musea i Vestland. Avdelinga har ansvar for drift av eit fellesmagasin. Bevaringstenestene driv med konservering av gjenstandar og tekstilar, og har oppdrag for alle musea i Vestland fylke, private og offentlege aktørar. I tillegg tek avdelinga betalte oppdrag for mellom anna Statsbygg, KORO, Riksantikvaren og norske museum. Avdelinga har eit stort konserveringsfagleg miljø.

## Om MUHO (Museumssenteret i Hordaland)

MUHO er eit museum for levande kultur-, natur- og industriarv, og eit kompetansemiljø for konservering og bygningsvern i Vestland.

Du finn oss i:

Salhus, Bergen: Tekstilindustrimuseet, Bevaringstenestene og Kulturverntenesta i Nordhordland

Osterøy: Osterøy museum og Havrå

Alver: Lyngheisenteret og Vestnorsk utvandringssenter

MUHO utfører aktiv bevaring og levande formidling: vi fortel ikkje berre ei historie, men brukar kunnskap om teknikkar og prosessar til å vise, lære bort og utføre arbeid slik det tradisjonelt blei gjort innan handverk, industri og gardsdrift.

Gjennom autentiske kulturmiljø og landskap i Nordhordland og Bergen trekkjer vi linjer frå fortida til utfordringar i verda i dag. MUHO har eit unikt kompetansemiljø som gir råd om bevaring av bygg og samlingar, og utfører konservering av ulike materialar.

Les gjerne meir på heimesida vår: [muho.no](http://muho.no).

## Tilleggsinformasjon

### Kontaktpersonar:

- Solveig Jordal, Avdelingsleiar Osterøy museum og Havrå  
Telefon: +47 941 72 25 | E-post: [solveig.jordal@muho.no](mailto:solveig.jordal@muho.no)
- Inger Lena Gåsemyr, Avdelingsleiar Tekstilindustrimuseet  
Telefon: +47 920 25 626 | E-post: [inger.lena.gasemyr@muho.no](mailto:inger.lena.gasemyr@muho.no)
- Lena Eikeland Kutschera, Avdelingsleiar Vestnorsk utvandringssenter

- Telefon: +47 917 12 96 | E-post: lena.kutschera@muho.no
- Torhild Kvingedal, Avdelingsleiar Lyngheisenteret  
Telefon: +47 951 58 75 | E-post: torhild.kvingedal@muho.no
  - Lene Sollesnes Holum , HR leiar  
Telefon: +4799242207 | E-post: lene.sollesnes.holum@muho.no

**Arbeidsstad:**

- Salhusvegen 201 5107 Salhus (Bergen Kommune)
- Lurevegen 1575 5912 Seim (Alver Kommune)
- Gjerstad 44 5282 Lonevåg (Osterøy Kommune)
- Hellandsvegen 541 5939 Sletta (Alver Kommune)